

Årsmelding 2022

Gol og Herad Sokneråd

Gol og Herad kyrkjelege fellestråd



Soknerådet har hatt slik samansetning i 2022:

	<u>Medlemar:</u>	<u>Varamedlemar:</u>
Leiar for begge råda:	Gunn-Astrid Frøysok	1. Bjørg Møllerplass
Nestleiar for begge råda:	Jorunn Viljugrein Stake	2. Ole Roar Hagen
Medlem:	Olveig Synnøve Engene	3. Sigurd Sato
Medlem:	Ole Dag Møllerplass	4. Marita Embre Stigen
Medlem:	Hilde Midtgård	5. Heidi Bråten
Medlem:	Wenche Dahl-Michelsen Fløysand	
Medlem:	Evi Anita Torp	
Medlem:	Inger Lagmannsgård	
Prest:	Arnstein Bleiktvedt fyrste halvår	Camilla Osnes
	Ingrid Finsådal Bakke andre halvår	

Sekretær Thorunn Haugo har vore sakshandsamar og ført referat for soknerådet.

Soknerådet:

Soknerådet utøver verksemda etter Kyrkjeordninga § 12:

«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjeres for å vekke og nærme det kristelige liv i soknet, særleg at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis trosopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.»

Soknerådet har hatt 7 møter og 44 saker er handsama.

Fyrst på året vart det gjennomført ei strategisamling med invitert gjest Knut Erik Skarpaas frå Sjømannskyrkja.

Oppmeldte til konfirmasjon:	32
Vigslar:	10
Gravferder:	44
Gudstenester:	70
Dåp:	35

Frå 1. juni og ut året har me hatt god hjelp av prostiprest Ingrid Finsådal Bakke.

Fellesrådet:

Frå kommunen: Heidi Granli Kristin Bakke Haugen (vara)

Kyrkjeverje Kjellfred Dekko har vore sekretær og sakshandsamar for fellesrådet i perioden 1. mai – 31. desember

Kirkelig fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver på vegne av soknene, utarbeide mål og planer for den kirkelige virksomhet i kommunen, fremme samarbeid mellom menighetsrådene og ivareta soknenes interesser i forhold til kommunen.

- a. bygging, drift og vedlikehold av kirker,
- b. anlegg, drift og forvaltning av gravplasser,
- c. opprettelse og nedleggelse av stillinger som lønnes over fellesrådets budsjett,
- d. anskaffelse og drift av kirkekontor,
- e. administrativ hjelp for prostens virksomhet nasjonalt yter tilskudd til det,
- f. anskaffelse av lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring.

Fellesrådet har hatt 7 møter og 32 saker er handsama.

Gunn-Astrid Frøysok, Jorunn Viljugrein Stake og Martha F Bleiktvedt (tilsatt representant) er medlemmar i partssamansett utval. Thorunn Haugo er vara for dei tilsette.

- ### Forhandlingsutvalet:

Kyrkjevevja, Gunn-Astrid Frøysok og Jorunn Viljugrein Stake

- Utvalet har vore i funksjon i samband med lønn for kyrkjevevja. Utvalet har også vore orientert undervegs i prosessen med lokale forhandlingar.

I det fylgjande er årsmeldinga til fellesrådet bygd opp etter budsjettområda:

1. *Administrasjon*
2. *Kyrkjer og bygg*
3. *Gravplassar*
4. *Anna kyrkjeleg verksemd*

1 Administrasjon:

Tilsette :

Kyrkjevevje Anne Gerd Jorde

100% stilling i tida 1. januar – 31. mai 2022

Kyrkjevevje Kjellfred Dekko

100% stilling frå 1. mai 2022

Jorde og Dekko fekk ein månads overlapping i mai. Det var til god nytte slik at ny kyrkjevevje kunne seta seg inn i rutineane på ny arbeidsplass.

Kyrkjevevja har hand om HMS-arbeidet saman med kyrkjetenar og verneombod Ludvig Munkejord. Det er skipa til ein dag med vernerunde og foredrag av HAVA om forebyggjande helsearbeid. I samarbeid med Nord Aurdal kyrkjelege fellesråd hadde me ein HMS-dag på Tisleidalen kapell. Halve dagen var via til brannvern og forebyggjande arbeid. Andre halve dagen hadde me konfliktforebygging som tema.

HMS hovudbok er gått gjennom i samarbeid med HAVA. Nokre justeringar er gjort.

Sekretær Thorunn Haugo

50% fast stilling

10% mellombels stilling

Administrasjonen held kontakten med lokale og eksterne samarbeidsinstansar. Kontorlokalene på kommunehuset fungerer godt. I tillegg til rammeoverføringa på kr 4 840 000 yter Gol kommune lønnskøyring, rekneskap og enkelte tekniske tenester for kyrkja.

Sekretæren har hand om oppgåver som innmeldingar av dåp, enkelte oppgåver knytt til gravferd, fakturering, gudstenestelister og nettsider samt bidrag med å halde orden på rekneskapen og mykje meir.

Stillingen er mellombels auka med 10% slik at sekretæren kan arbeide for soknet tre heile dagar i veka.

2 Kyrkjer og bygg

Tilsette:

Kyrkjetenar Ludvig Munkejord
(Kombinert stilling inne og ute)
100% stilling

Kyrkjetenar Knut Ole Klepp
(Kombinert stilling inne og ute)
40% stilling



Klokkarteneste:

Bibbi Hatten

Til og med november 2022

Conrad Alexander Ravnanger

Gro Jordheim

Kyrkja har teke utfordringen med straumsparing på alvor. Straumstyringsprogramet fungerer fint. Normaltemperaturen ved kyrkjelege handlingar er senka til 18 grader.

Lyspærene i begge kyrkjene er bytta ut med led-pærer. Dette har medført ein stor eingongskostnad, men det tener me snart inn att.

I samband med nye lyspærer har også Gol kyrkje installert ein modul for å heve/dempe lysnivået i kyrkja.

Det er levert ein tilstandsrapport for lynvernlegga på kyrkjene. Det er avdekka nokre manglar som må rettast på sikt.

Test av brannslukningsapparat og slangar er ikkje utført, og må gjerast i fyrste halvår 2023.

Det er stadig lekkasjer i taket på Gol kyrkje, og det blir arbeida med å få ein ny tilstandsvurdering av taket. Fellesrådet har kontakt med KA (Kirkens arbeidsgiver- og interesseorganisasjon) for å få hjelp til dette arbeidet.

På vernerunden avdekka me enkelte ting som vart utbetra.

3 Gravplassar

Fellesrådet har ansvaret for gravplassane.

Gravferdslova §1 set premissane for gravplassforvaltninga:

Gravlegging skal skje med respekt for avdødes religion eller livssyn.

Fellesrådet er svært medvitne om at me forvaltar gravplassane for storsamfunnet. Også dette året har me hatt god hjelp av sommarvikarane:

Ibrahim Moustafa Chihada

Sander Rese

Konrad Sporsheim Bergun

Asmund Stoveland Dekko
Sigrid Haugo

Det har vore eit bra samarbeid med NAV om tilretteleggingsmidlar knytt til gravplassane.

Fellesrådet har planta på gravene der ein har avtale om stell.

Gravplassane i kommunen framstod som svært fine i sommar, og me har fått mykje rosande omtale frå dei som vitjar gravplassane.

Utviding av gravplassen på Gol er langt på veg ferdig. Entreprenør Skjerven har hatt arbeidet. Byggeleiing ved Elin Lie ved Mio-Tech. Gol kommune har løyvd pengar til prosjektet som er rekneskapsført i kommunen. Kyrkjeverja har hatt ansvaret som byggherre. Namna minnelund er etterspurd, og kjem truleg til å bli mykje brukt.

4 Anna kyrkjeleg verksemd

Diakon Martha Frøyland Bleiktvedt (Leverer eigen årsmelding for diakonien)
100% stilling (I permisjon. I arbeid frå 1. juni 2022)

Sissel Rudningen (vikar i 70% stilling 1. januar – 31. mai)
Gerd Eli Berge (vikar i 30% stilling 1. januar – 31. mai)

Trusopplærar Britt Marie Haraldset (Leverer eigen årsmelding for trusopplæringa)
100% stilling (Utleigd i 40% stilling til Hemsedal kyrkjelege fellesråd)

Kantor Justin Vickery
100% stilling

Det er gjennomgåande svært god kvalitet på musikken i kyrkjene. Sommarandaktene i stavkyrkja hadde god oppslutning, og det deltok solistar med forskjellige musikalske uttrykk. Det vart også arrangert orgel, og «orgel pluss konsertar» med godt frammøte.

Fellesrådet løyvde midlar til utbetring av principal 8-stemma i Herad kyrkje.

Vikarmusikarar:
Kåre Sørum
Audun Haugeplass
Ludmilla Petrova
Ingebjørg Solhjell
Jo Asgeir Lie
Ingunn Stræte



Det er stor meining i å drive kyrkjeleg arbeid i vårt område, og det er god oppslutning om dei kyrkjelege tenestene. Tilsatte og frivillige gjer eit nyttig arbeid som blir sett stor pris på.

Gol og Herad kyrkjelege fellesråd har utført oppgåvene etter kyrkjeordninga § 17 til beste for våre medlemmar og innbyggjarar i Gol kommune.

Gol 09.03 2023


Kjellfred Dekko
Kyrkjeverje


Gunn-Astrid Frøysok
Leiar av Gol og Herad kyrkjelege fellesråd